



Jørgen Olsvoll  
Håtuftvegen 280  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/259 - 17/4663

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
09.03.2017

## Godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg Erdalsvegen - Gbnr 30/2 og 4 Hestdal

**Administrativt vedtak. Saknr: 65/2017**

### Saksutgreiing:

Jørgen Olsvoll søker i søknad dagsett 17.01.2017 om løyve til å byggje av ein skogsbilveg på Gbnr. 30/2 og 4 på Hestdal. Det vert søkt om å få byggje ein skogsbilveg i vegklasse 3 på ca. 550 meter, alt som nyanlegg. Vegtraseen har vore godkjent tidligare, i sak 161/06 vart det gjeve løyve til å byggja ca. 760 meter skogsbilveg i vegklasse 4. Bygginga starta og om lag 250 meter av vegen er bygd, men det vart ikkje søkt om utvida frist for ferdigstilling. Jørgen Olsvoll søker difor om vegen på nytt, og vegtraseen er om lag den same som vart omsøkt og godkjent i 2006 men med ein betre vegklasse. Lengda er noko kortare i samsvar med det som er bygd. Vegen er tenkt nytta 70 % til skogbruksformål og 30 % til jordbruksformål. Vegen har eit dekningsområde på 183 daa, kor 154,6 daa er produktivt skogbruksareal og 28,4 daa er jordbruksareal. Det er kalkulert at det står ca. 3000 m<sup>3</sup> med tømmer i vegens dekningsområde, fordelt på ulike hogstklasser. Bygje kostnad er kalkulert til 385.000 kr.

Eigedomen har 233 daa skog, 29,2 daa fulldyrka jord, 2,9 daa overflatedyrka jord, 93,7 daa innmarksbeite og 64,6 daa anna areal. Søkjar ynskjer p nytta vegen i samband med uttak av skog, skogskjøtsel og i samband med jordbruksdrifta. Vegen vil kunne betre drifta på jordbruksareala ved å lette tilkomsten til areala som i dag ikkje har vegtilkomst.

### Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen jf. § 1 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål (landbruksvegforskrifta)F. or den omsøkte vegen utgjer landbruksformålet all planlagd bruk av vegen.

Den omsøkte vegen vil vere eit viktig tiltak for å kunne ta ut skogen i området på ein effektiv, økonomisk og skånsam måte. Det er i dag ingen skogsbilvegar på eiegen, og tømmeret må fraktast ut på lassbærar, dette er kostbart og tidkrevjande. Dersom ein skal kryssa jordbruksareal med tunge maskiner i samband med uttak av skog kan dette få store konsekvensar for jorda dersom det ikkje vert gjort på frossen og snødekt mark. Dagens utstyr i skogbruket er tungt og sjølv ved frossen mark kan dei gjera store skader med øydelagde grøfter, jordpakking og skader på steingarder. Vidare er det planlagt å lage ein forgreining på vegen for å betre tilkomsten til skogen oppover lia mot Hesthøyen. Dette aukar vegens dekningsområde og vil bidra til betre driftsforhold på eiegen. Å sikre gode moglegheiter for god og effektiv logistikk er viktig i skogbruket. Det er planlagt at vegen skal nyttast som tilkomst til eit større beiteområde. Dette fo rå kunne lettare kome til arealet for naudsynt skjøtsel som beitepussing og gjødsling, men også betre tilkomsten for vedlikehald av gjerde.

Ein veg er også eit viktig element i samband med skjøtsel av skogen etter forynging. Ein sparer tid og kostnader med ein enkel tilgang til skogareala ved utføring av skogskjøtsel. Etter forynging er det trong for ulike skjøtselstiltak i skogen, mellom om anna ungsogpleie/avstandsregulering. Dette er eit viktig tiltak for å sikre ein god kvalitet på framtidig trevirke, samstundes som det er eit viktig tiltak for å sikre ein meir stormsterk skog. At søkjar ynskjer betre tilkomst til jordbruksarealet innafor dekningsområdet til vegen er positivt, då dette arealet i dag ikkje har vegtilkomst. Vidare vil god tilkomst vere viktig for rasjonell jordbruksdrift av arealet. Vegtilkomsten vil sikre at det er mogleg å komme til areala gjennom året, det vil også vere viktig med enkel og god vegtilkomst i periodar med mykje nedbør for å unngå køyreskader på dyrka mark. Enkel tilkomst i samband med vedlikehald av gjerder er viktig for å kunne ha dyr på beite, og nytte dei ressursar som beite gjer samstundes som ein rasjonaliserer drifta.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3. Søknaden vart sendt til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Fylkesmannen har ingen merknad til vegen. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har ikkje merknad, men ber om at ein under opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle landskapselement som steingarder eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune viser også til at dersom det blir funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar under arbeidet, må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast. Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje merknad.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Kommunen har etter gjennomgang av artskart og naturbase ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar i området eller i nærleiken (jf. § 8). Det er registrert ein naturtype rik edel lauvskog med verdi viktig (B) i eiegen austre hjørne, denne ligg om lag 424 meter frå punktet der vegen skal begynne og kjem ikkje innafor vegens dekningsområde. Administrasjonen har vurdert det til at denne ikkje vil verte påverka av bygginga av vegen. Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Den omsøkte vegen vil auke utbygginga i området, men det har vore drive ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføra vesentleg auke, då bruken av område ikkje vert endra (jf. § 10). Naturmangfaldslovas §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at vegen som omsøkt ikkje er i konflikt med §§8- 12 i naturmangfaldslova.

Administrasjonen vil etter ei samla vurdering gi løyve til bygging av den omsøkte landbruksvegen. Det er administrasjonen si meining at vegen vil vere viktig for god og kostnadseffektiv drift av skogen. Både ved

sluttavverking, men også ved forynging og framtidig skjøtsel av skogen. Vidare er det positivt at vegen er planlagt nytta for det jordbruksarealet som ligg innafor dekningsområde.

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev løyve til bygging av skogsbilvegen Erdalsvegen som omsøkt i søknad dagsett 17.01.2017. Vegen skal byggast i vegklasse 3, i lengde 550 meter og alt som nyanlegg.

Byggjeløyvet er gjeve på fylgjande vilkår:

1. Vegen skal byggjast i samsvar med Normaler for landbruksveier med tekniske retningslinjer for vegklasse 4 fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
3. Tidsfrist for gjennomføring vert sett til 13.03.2020.
4. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-3 og 3-4 i forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål.»

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

## **Med helsing**

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

Kart vegsøknad gbnr. 30-2 og 4

**Mottakere:**  
Jørgen Olsvoll

Håtuftvegen 280 5918

FREKHAUG